



Frank Rune Dale
Sagstadvegen 67
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/684 - 14/1845

Saksbehandlar:
Hans Kristian Dolmen
hans.kristian.dolmen@meland.kommune.no

Dato:
13.02.2014

Delingssak gbnr 24/7 og 108 - Langeland - Arealoverføring - Godkjenning

Administrativt vedtak. Saknr: 15/2014

Saksutgreiing:

Grunneigar Frank Rune Dale har i søknad stempla motteke 24.09.2013 søkt om arealoverføring av parsell for bustadforemål på om lag 140m² frå gnr 24 bnr 7 til gnr 24 bnr 108. Eigedomen er totalt på om lag 7,8 da.

Den omsøkte parsellen ligg inntil reguleringsplan for Langeland, med planID 1256 2003 1126, som vart godkjent av kommunestyret i møte 12.05.2004. Det omsøkte arealet skal leggjast til eigedom gnr 24 bnr 108 som er ei bustadtomt innan for planområdet.

Naboar er varsla 10.09.2013, og det er ikkje gjeve merknader til søknaden.

Planstatus

I kommuneplanens arealdel er det regulerte området Langeland lagt ut til planføremaal Bustad, men er omkransa av LNF-område. Det omsøkt arealet for arealoverføring (140m²) ligg utanfor planområdet og er i hovudsak lagt ut til føremål bustad (100m²), men ein mindre del er LNF (40m²). Det skal difor gjerast ei vurdering knytta til dispensasjon i høve til planføremalet.

Postadresse


postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no



Vurdering:

Den omsøkte arealet er ein arm eller kile som stikk inn mellom grensene for planområdet. Delar er det omsøkte arealet er lagt ut til bustadføre mål i arealplan, men er ikkje med i reguleringsplanen.

Dispensasjon

Arealet som søkjast overført frå gnr 24 bnr 7 til gnr 24 bnr 108 er på om lag 140m². Av dette er det om lag 40m² som ligg i LNF-område. Dei verdiane planføre målet LNF har som intensjon og ivareta vert ikkje rørt ved, og planføre målet i seg sjølv vert ikkje vesentleg satt til side generelt sett eller spesielt for givareigedomen gnr 24 bnr 7.

Dispensasjonen har ikkje verknad i høve til helse, miljø, sikkerhet eller tilgjenge og rører ikkje ved statlege eller regionale rammer og mål. Denne saka har ikkje verknad for overordna fagmynde og er ikkje sendt på høyring.

I høve til naturmangfaldlova og dei vurderingane som skal liggje til grunn for offentlege vedtak etter §§ 8-12, ser ikkje administrasjonen at nokon av desse tilhøva vert rørt ved i denne saka.

Arealoverføring

Det omsøkte arealet skal leggjast til eigdom gnr 24 bnr 108 som er ei sjølvstendig bustadtomt innanfor planområde Langeland. Ut i frå terrengtilhøva på tomta og planlagd bustad vil det vere både funksjonelt og teneleg med ei endring eller utviding av eigedomen. Sjølvve eigedomsarronderinga synast å verte betre etter den omsøkte realoverføringa.

Vedtak

”Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova og jordlova:

- a) Dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for arealoverføring av areal som omsøkt frå gnr 24 bnr 7 til gnr 24 bnr 108, jf pbl § 19-2
- b) Samtykke til omdisponering og frådeling av areal som omsøkt frå gnr 24 bnr 7 til gnr 24 bnr 108, jf jordlova § 12
- c) Løyve til arealoverføring av ein parsell på om lag 140m² frå gnr 24 bnr 7 til gnr 24 bnr 108 i samsvar med søknad stempla motteke 24.09.2013 og som vist på situasjonskart av same dato, jf pbl § 20-1 bokstav m)

Endelegre grenser vert fastsett ved oppmålingsforretninga. Eventuelle erklæringar eller hefte må tinglysast eller slettast knytt til dette arbeidet.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering, jf plan- og bygningslova § 21-9.”

Dette vedtaket kan etter pbl § 1-9 påklagast innan 3 veker etter at ein har motteke melding om vedtaket, jf forvaltningslova § 28.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Hans Kristian Dolmen
arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Frank Rune Dale

Sagstadvegen 67 5918

FREKHAUG